

3. kv 2011



## STATENS PENSJONSFOND UTLAND TREDJE KVARTAL 2011

**NBIM**

Norges Bank Investment Management

# Hovudpunkt 3. kvartal 2011

- Sterk nedgang i dei globale aksjemarknadene gav Statens pensjonsfond utland ei avkastning på -8,8 prosent, tilsvarende -284 milliardar kroner, i tredje kvartalet 2011. Kvartalet var det nest svakaste i fondshistoria.
- Avkastninga på aksjeinvesteringane i fondet var -16,9 prosent, mens renteinvesteringane fekk ei avkastning på 3,7 prosent. Samla var resultatet 0,3 prosentpoeng lågare enn avkastninga på referanseindeksane til fondet.
- Marknadsverdien av fondet fall med 56 milliardar kroner til 3 055 milliardar kroner.
- Fondet kjøpte i juli 50 prosent av sju eigedomar i og utanfor Paris frå AXA Group. Det var den andre eigedomsinvesteringa i fondet og den første i Frankrike.
- Ved utgangen av kvartalet var fondet investert med 55,6 prosent i aksjar, 44,1 prosent i rentepapir og 0,3 prosent i eigedom.

# Innhold

<b>Fondet</b>	Nedgang i marknadsverdien i fondet	2
<b>Forvaltinga</b>	Aksjefall dreg resultatet ned	6
	Fondets relative avkastning	14
	Store svingingar i marknadene	15
	Ansvarlege investeringar og eigarskapsutøving	18
	Operasjonell risikostyring og internkontroll	19
<b>Rekneskap</b>	Rekneskapsrapportering	20
	Notar til rekneskapsrapportering	24
	Revisjonsmelding	34

Noregs Bank er landets sentralbank. Hovudoppgåvane er å fremje prisstabilitet gjennom pengepolitikken, sikre finansiell stabilitet og å stå for kapitalforvalting. Kapitalforvaltinga skjer i Norges Bank Investment Management (NBIM). NBIM forvaltar Statens pensjonsfond utland på oppdrag frå Finansdepartementet.

# Fondet

## Nedgang i marknadsverdien i fondet



Marknadsverdien av Statens pensjonsfond utland fall 56 milliardar kroner til 3 055 milliardar kroner i tredje kvartal 2011.

Marknadsverdien av aksjeinvesteringane var 1 699 milliardar kroner ved utgangen av kvartalet, ned frå 1 881 milliardar kroner ved inngangen til kvartalet. Renteinvesteringane utgjorde 1 346 milliardar kroner, opp frå 1 226 milliardar kroner. Egedomsinvesteringane var på 10 milliardar kroner, mot 4 milliardar kroner tre månader tidlegare.


Marknadsverdien blir påverka av storleiken på fondsavkastninga, kapitaltilførslar og endringar i valutakursar. Fondet fekk ei avkastning på -284 milliardar kroner i kvartalet, mens tilførslane frå staten utgjorde 78 milliardar kroner. Kronekursen svekte seg mot fleire av valutaene fondet blir

investert i, og det auka isolert sett marknadsverdien med 150 milliardar kroner.


Totalt 84 prosent av fondsinvesteringane var i euro, pund, dollar og yen ved utgangen av kvartalet. Verdien av krona gjekk ned 1,3 prosent i forhold til euroen i løpet av kvartalet. Krone fall i same periode 6,2 prosent mot pundet, 9,4 prosent mot dollaren og 14,6 prosent mot yen'en.


Fondet skal gradvis investerast i eigedom, slik at det består av 60 prosent aksjar, 35–40 prosent rentepapir og inntil 5 prosent eigedom. Ved utgangen av kvartalet var investeringane

Figur 1-1 Marknadsverdien av fondet per kvartal. Milliardar kroner



Figur 1-2 Endringar i marknadsverdien av fondet. Milliardar kroner





Tabell 1-1 Nøkkeltal per 30. september 2011

	3.kv. 2011	2.kv. 2011	1.kv. 2011	4.kv. 2010	3.kv. 2010
<b>Marknadsverdi (mrd. kroner)*</b>					
Marknadsverdien av aksjeinvesteringane	1 699	1 881	1 900	1 891	1 758
Marknadsverdien av renteinvesteringane	1 346	1 226	1 197	1 186	1 150
Marknadsverdien av eigedomsinvesteringane	10	4	4	-	-
Marknadsverdien av fondet	3 055	3 111	3 102	3 077	2 908
Tilførsel*	78	53	38	78	49
Fondsavkastninga	-284	4	59	116	199
Endring som følge av svinginger i kronekursen	150	-48	-73	-25	-132
Endring i marknadsverdien	-56	9	24	169	116
<b>Kostnader i forvaltinga (prosent)</b>					
Berekna innfasingskostnader	0,01	0,01	0,01	0,01	-
Annualiserte forvaltingskostnader	0,08	0,08	0,08	0,11	0,10
<b>Verdiutvikling f.o.m. første tilførsel i 1996 (mrd. kroner)</b>					
Samla brutto tilførsel	2 679	2 601	2 547	2 508	2 429
Samla forvaltingskostnader	18	17	17	16	15
Samla tilførsel etter forvaltingskostnader	2 661	2 583	2 530	2 492	2 413
Samla avkastning	525	809	805	746	630
Endring som følge av svinginger i kronekursen	-131	-281	-233	-160	-135
Marknadsverdien av fondet	3 055	3 111	3 102	3 077	2 908
Samla avkastning etter forvaltingskostnader	507	791	788	730	614

\*Marknadsverdien av fondet blir presentert i tabellen før påløpt forvaltingsgodtgjering. Marknadsverdien vil derfor avvike noko frå Eigars kapital i rekneskapsrapporteringa. Tilførslane i denne tabellen avvik noko frå rekneskapen (jf. "Endring i eigars kapital") på grunn av ulik behandling av forvaltingsgodtgjering.

*Investment Management*

fordelte med 55,6 prosent i aksjar, 44,1 prosent i rentepapir og 0,3 prosent i eigedom.


Aksjedelen gjekk ned med 4,9 prosentpoeng i kvartalet etter at eit sterkt fall i dei globale aksjemarknadene reduserte verdien av behaldninga. Fondet følgjer reglar for korleis aksje-

delen skal justerast tilbake til det langsigte målet, og bruker gjennomgåande tilførslar frå staten for å kjøpe aktivaklassen med svakast utvikling. Av fondstilførslane på 78 milliardar kroner vart 78 prosent investert i aksjar, 15 prosent i rentepapir og 7 prosent i eigedom i tredje kvartal.


Tabell 1-2 Akkumulert avkastning sidan 1996. Milliardar kroner

	3.kv. 2011	2.kv. 2011	1.kv. 2011	4.kv. 2010	3.kv. 2010
Avkastninga på aksjeinvesteringane	103,6	432,2	446,9	394,8	248,1
Avkastninga på renteinvesteringane	421,3	376,8	357,8	351,4	381,6
Avkastninga på eigedomsinvesteringane	-0,4	-0,2	-	-	-
Fondsavkastninga	524,6	808,8	804,7	746,2	629,7

Figur 1-3 Utviklinga i valutakursar i forhold til krona. Indeksert 31.12.2010 = 100



Figur 1-4 Fondets eigardelar i aksjemarknadene. Prosent av marknadskapitaliseringa til indeksen FTSE Global All Cap





## Avkastning i internasjonal valuta

Fondet blir investert i internasjonale verdipapir i utanlandsk valuta. Investeringane blir ikkje veksla om til norske kroner i samband med den fortlopende rapporteringa frå fondet, og investeringane blir ikkje valutasikra mot norske kroner. Endringar i kronekursen verkar ikkje inn på fondets internasjonale kjøpekraft. Fondsavkastninga blir derfor primært oppgitt i interna-

sjonal valuta, det vil seie ei vekta samansetning av valutaene i referanseindeksane for aksjar og obligasjoner. Denne samansetningen blir kalla fondets valutakorg og bestod av 35 valutaer ved utgangen av tredje kvartal 2011. Krona svekte seg 4,9 prosent mot valutakorga gjennom kvartalet.

**Tabell 1-3** Dei største aksjebehaldningane i fondet per 30. september 2011

Selskap	Land	Behaldning i millionar kroner
Royal Dutch Shell Plc	Storbritannia	23 585
Nestlé SA	Sveits	23 066
HSBC Holdings Plc	Storbritannia	18 207
Novartis AG	Sveits	16 976
Vodafone Group Plc	Storbritannia	16 168
Apple Inc	USA	14 713
Exxon Mobil Corp	USA	14 327
Roche Holding AG	Sveits	14 031
BP PLC	Storbritannia	13 149
GlaxoSmithKline Plc	Storbritannia	12 948

**Tabell 1-4** Dei største obligasjonsbehaldningane i fondet per 30. september 2011

Utferdar	Land	Behaldning i millionar kroner
Amerikanske stat	USA	217 096
Britiske stat	Storbritannia	106 553
Franske stat	Frankrike	77 457
Japanske stat	Japan	71 656
Tyske stat	Tyskland	60 988
Italienske stat	Italia	43 763
Nederlandskes stat	Nederland	26 862
Kreditanstalt für Wiederaufbau	Tyskland	22 900
European Investment Bank	Int. organisasjon	20 255
Spanske stat	Spania	19 476

# Forvaltinga

## Aksjefall dreg resultatet ned

Sterk nedgang i dei globale aksjemarknadene gav fondet ei avkastning på -8,8 prosent i tredje kvartalet 2011. Det var det nest svakaste kvartalet i fondshistoria.

Aksjeinvesteringane fekk ei avkastning på -16,9 prosent i kvartalet, målt i internasjonal valuta. Teikn til svakare vekst i verdsøkonomien og frykt for ei forverring av den europeiske statsgjeldskrisa, reduserte investorane sin risikoappettitt og gav nedgang i alle aksjesektorane i fondet.

Investeringane i sektorane materialar og industri, som er spesielt sensitive for økonomisk vekst, fall mest med ei avkastning på høvesvis -26,4 prosent og -22,6 prosent. Fleire institusjonar, inkludert Det internasjonale valutafondet (IMF) og Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), nedjusterte i kvartalet anslaga sine for vekst i verdsøkonomien etter svakare utvikling enn venta i USA og Europa. IMF åtvara også om faren for resesjon i dei to regionane dersom styresmaktene ikkje gjennomfører tiltak som stimulerer vekst, styrker bankane og hindrar ei spreiling av statsgjeldskrisa.


Fondets finansaksjar fekk ei avkastning på -22,1 prosent i kvartalet, leidd an av nedgang for europeiske bankar. Aukande uvisse rundt evna til å betene statsgjeld i Hellas, Portugal, Irland, Italia og Spania dreiv ned aksjekursane på bankane, som var blant dei største långivarane til desse landa. Samtidig bidrog bekymringar for eventuelle tap ved eit misleghald til

å redusere viljen bankane har til å gi kvarandre lån. Avkastninga på fondets europeiske finansaksjar var på -27,3 prosent i kvartalet, målt i internasjonal valuta, mens amerikanske og asiatiske finansaksjar fekk ei avkastning på høvesvis -17,9 prosent og -14,4 prosent. Finans var fondets største aksjesektor med 20 prosent av behaldninga ved utgangen av kvartalet.


Investeringane i olje- og gassaksjar stod for 11 prosent av aksjebehaldninga og fekk ei avkastning på -18,4 prosent i kvartalet. Referanseprisane for olje notert på børsane i London og New York fall med høvesvis 8,6 prosent og 17 prosent i kvartalet, ettersom svakare vekstutsikter førte til forventningar om lågare oljeetterspørsel. Aksjekursane til oljeprodusentar som BP, Exxon Mobil og Royal Dutch Shell fall med høvesvis 15,3 prosent, 10,8 prosent og 9,8 prosent i kvartalet. Selskapa var blant dei ti største aksjeinvesteringane i fondet ved utgangen av kvartalet.

Investeringane i helsesektoren fall minst i kvartalet med ei avkastning på -7,2 prosent. Slike aksjar er ofte rekna som tryggare investeringar i urolege marknader.

**Figur 2-1** Fondets kvartalsvise avkastning og akkumulerte annualiserte avkastning. Prosent



**Figur 2-2** Kvartalsvis meiravkastning og akkumulerte annualiserte meiravkastning for fondet eksklusive eigedom. Prosentpoeng



Tabell 2-1 Kvartalsvise avkastningstal

	3.kv. 2011	2.kv. 2011	1.kv. 2011	4.kv. 2010	3.kv. 2010
<b>Avkastning målt i internasjonal valuta</b>					
Avkastninga på aksjeinvesteringane (prosent)	-16,95	-0,65	2,91	8,37	9,82
Avkastninga på renteinvesteringane (prosent)	3,65	1,78	0,72	-2,48	3,46
Avkastninga på eigedomsinvesteringane (prosent)	-0,10	-4,70	-	-	-
Fondsavkastninga (prosent)	-8,80	0,29	2,06	3,99	7,26
Fondsavkastninga eksklusive eigedom (prosent)	-8,82	0,30	2,06	3,99	7,26
Avkastninga på referanseindeksane for aksjar og obligasjoner (prosent)	-8,49	0,39	1,80	3,72	6,89
Meiravkastninga på fondets aksje- og renteinvesterings (prosentpoeng)	-0,33	-0,09	0,27	0,28	0,36
Forvaltungskostnader (prosentpoeng)	0,02	0,02	0,02	0,03	0,03
Avkastninga etter forvaltungskostnader (prosent)	-8,82	0,27	2,04	3,97	7,23
<b>Avkastning målt i norske kroner (prosent)</b>					
Avkastninga på aksjeinvesteringane	-12,85	-2,32	0,37	7,49	4,84
Avkastninga på renteinvesteringane	8,76	0,07	-1,76	-3,28	-1,23
Avkastninga på eigedomsinvesteringane	4,83	-6,30	-	-	-
Fondsavkastninga	-4,30	-1,39	-0,45	3,15	2,39
Fondsavkastninga eksklusive eigedom	-4,32	-1,38	-0,45	3,15	2,39

Tabell 2-2 Historiske nøkkeltal per 30. september 2011. Annualiserte tal målte i internasjonal valuta

	Siste 12 månader	Siste 3 år	Siste 5 år	Siste 10 år	Sidan 01.01.1998
Fondsavkastninga (prosent)	-2,92	4,86	1,18	4,20	4,23
Avkastninga på fondets aksje- og renteinvesterings (prosent)	-2,93	4,86	1,17	4,20	4,23
Avkastninga på referanseindeksane for aksjar og obligasjoner (prosent)	-3,01	4,07	1,22	3,96	3,95
Meiravkastninga på fondets aksje- og renteinvesterings (prosentpoeng)	0,08	0,79	-0,04	0,24	0,28
Standardavvik (prosent)	7,76	12,21	10,81	8,37	7,78
Faktisk relativ volatilitet på fondets aksje- og renteinvesterings (prosentpoeng)	0,35	1,19	1,23	0,89	0,80
Informasjonsrate (IR)* på fondets aksje- og renteinvesterings	0,22	0,67	-0,04	0,27	0,35
Fondets brutto årlege avkastning (prosent)	-2,92	4,86	1,18	4,20	4,23
Årleg prisvekst (prosent)	3,02	1,49	2,16	2,07	1,90
Årlege forvaltungskostnader (prosent)	0,09	0,11	0,10	0,10	0,10
Årleg netto realavkastning (prosent)	-5,85	3,22	-1,07	1,99	2,19

\* IR er eit mål på risikojustert avkastning. IR blir rekna som forholdstalet mellom meiravkastninga og den faktiske relative volatiliteten som fondet har hatt. IR viser kor mykje meiravkastning ein har fått att for kvar risikoeining.

## Resultat per region


Aksjeinvesteringane i fondet er fordelte med om lag 50 prosent i Europa, 35 prosent i Amerika, Afrika og Midtausten og 15 prosent i Asia og Oseania. I tredje kvartal var den regionale avkastninga på høvesvis -20,7 prosent, -13,4 prosent og -12,4 prosent, målt i internasjonal valuta.

Enkeltinvesteringa som gav fondet den største nominelle avkastninga i kvartalet var Apple, produsenten av iPad og


iPhone. Deretter følgde mobiltelefonoperatøren Vodafone og IBM, den største leverandøren av IT-tjenester i verda. Fondets største verdifall i eit enkeltselskap var i BNP Paribas, den største banken i Frankrike, følgt av Siemens, eit tysk energi-, industri- og helse selskap, og bilprodusenten Daimler.

Avtakande risikoappetitt blant investorane fekk selskap til å avlyse eller utsetje planlagde børsnoteringar for minst 19 milliardar dollar i kvartalet, ifølgje Bloomberg. Desse inklu-

**Figur 2-3** Kursutviklinga i regionale aksjemarknader, målt i amerikanske dollar. Indeksert 31.12.2010 = 100



**Figur 2-4** Rentedifferansen mellom tremånaders Euribor og tremånaders OIS. Prosentpoeng



## Mindre utlånsvilje mellom bankane

Frykt for misleghald av statsgjeld og eventuelle banktap reduserte i tredje kvartal europeiske bankars vilje til å gi kvarandre lån. Tremånaders Euribor, som er renta bankane tilbyr kvarandre for usikra eurodenominerte lån over tre månader, enda kvartalet på 1,5 prosent, omtrent uendra frå starten av kvartalet. I same periode vart rentenivået på tremånaders OIS (Overnight Indexed Swap), som indikerer den forventa innskotsrenta til den europeiske sentralbanken, nesten halvert. Den auka forskjellen på desse rentenivåa viste at bankane i tredje kvartal kravde ein stadig større kompensasjon for å gi kvarandre lån framfor å plassere pengar i sentralbanken.

Same utvikling fann stad under finansuroa sommaren 2007 og etter kollapsen av den amerikanske banken Lehman Brothers hausten 2008. Bankane vart meir tilbakehaldne med å gi kvarandre lån på grunn av antatt høgare risiko for misleghald hos motparten og uvisse rundt eigne kapitalbehov. Differansen mellom Euribor og OIS steig til rekordhøge 196 basispunkt i oktober 2008. Han var på om lag 4 basispunkt i juni 2007, før uroa starta.

I tredje kvartal 2011 auka forskjellen på tremånaders Euribor og OIS til 81 basispunkt ved utgangen av kvartalet, frå 20 basispunkt ved inngangen til kvartalet. På sitt største var differansen 89 basispunkt 23. september, som var det meste sidan mars 2009.


derte noteringa av Siemens lyseining Osram og den spanske lotterioperatøren Sociedad Estatal Loterias & Apuestas del Estado. Samtidig fall børsnoterte selskap sine sal av nye og eksisterande aksjar til omtrent 84 milliardar dollar i kvartalet, frå 204 milliardar dollar kvartalet før, ifølgje Dealogic. Det største aksjesalet fondet deltok i som kjøpar, var i Bank of China, som i juli utferda aksjar for 18,8 milliardar Hong Kong-dollar, tilsvarande 12,6 milliardar kroner. Deretter følgde Thyssenkrupp og Capital One, som selde aksjar for høvesvis 1,6 milliardar euro og 1,9 milliardar amerikanske dollar.

Fondet var investert i 8 026 børsnoterte selskap ved utgangen av kvartalet, mot 8 389 selskap tre månader tidlegare.

Tabell 2-3 Avkastningen på fondets aksjeinvesteringer i tredje kvartal 2011. Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Del av marknadsverdien av aksjeinvesteringane
Finans	-22,14	20,19
Konsumvarer	-13,07	12,74
Industri	-22,60	12,66
Olje og gass	-18,40	10,73
Helse	-7,17	9,56
Konsumtenester	-11,77	8,98
Teknologi	-8,79	8,03
Materialar	-26,44	7,77
Kraft- og vannforsyning	-9,93	4,70
Telekommunikasjon	-9,80	4,64

Figur 2-5 Kursutviklinga i ulike aksjesektorar i FTSE Global All Cap indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksvert 31.12.2010 = 100



### Stigande prisar på obligasjoner


Renteinvesteringane i fondet fekk ei avkastning på 3,7 prosent i tredje kvartal, målt i internasjonal valuta, hjelpt av prisoppgang på dei antatt sikraste statsobligasjonane frå land som Tyskland, Frankrike, Storbritannia og USA.

Rentene på desse obligasjonane fall i løpet av kvartalet til rekordlåge nivå, drivne av høgare etterspørsel frå investorar som søkte tryggare investeringar. Samtidig steig rentene på greske, irske, portugisiske, italienske og spanske statsobligasjoner til rekordhøge nivå på grunn av auka uvisse rundt evna landa har til å betene gjelda si. Renta ein investor krev for å låne ut pengar gjennom ein obligasjon, vil normalt stige når forventningane om misleghald aukar. Prisen på obligasjonen vil samtidig falle.

Den europeiske sentralbankens kjøp i august og september av statsgeld frå blant andre Spania og Italia bidrog til å bremse renteoppgangen på fleire europeiske statsobligasjoner. Renta på tiårig spansk statsgeld fall til 5,1 prosent ved utgangen av kvartalet etter å ha vore oppe i rekordhøge 6,3 prosent i juli. Renta på tiårige italienske statsobligasjoner enda kvartalet på 5,5 prosent, ned frå ein topp på 6,2 prosent i august. Renta på tiårig tysk statsgeld, som blir brukt som ein referanse for europeisk statsgeld, var på 1,9 prosent ved kvartalsslutt, ned frå 3 prosent ved inngangen til kvartalet.

Fondsbeholdninga av statsobligasjoner fikk ei avkastning på 7 prosent i kvartalet, målt i internasjonal valuta. Stigande

Figur 2-6 Utviklinga i rentene på 10-årige statsobligasjoner. Prosent



priser på tyske, franske, amerikanske, britiske og japanske statsobligasjonar vøg opp for prisfall på statsobligasjonar frå enkelte europeiske land. Avkastninga på eurodenominerte statsobligasjonar var på 4,7 prosent, mens avkastninga på britisk, amerikansk og japansk statsgeld var på høvesvis 11,5 prosent, 10,8 prosent og 0,3 prosent, målt i sine respektive valutaer. Statsobligasjonar stod for 46 prosent av renteinvesteringane i fondet ved utgangen av kvartalet.

Fondet er også investert i obligasjonar frå statsrelaterte institusjonar som European Investment Bank, Inter-American Development Bank og Export-Import Bank of China. Slike


verdipapir stod for 13 prosent av fondets renteinvesteringar i kvartalet og fekk ei avkastning på 3,3 prosent, målt i internasjonal valuta.

#### Svakast for pantesikra obligasjonar


Pantesikra obligasjonar, som er bankobligasjonar med pant i blant anna bustadlån, var sektoren med svakast utvikling, følgt av selskapsobligasjonar. Avkastninga på pantesikra obligasjonar var 0,3 prosent, mens selskapsobligasjonar fekk ei avkastning på 0,7 prosent, målt i internasjonal valuta.

Lågare vekstutsikter og uvisse rundt bankane si eksponering

**Figur 2-7** Kursutviklinga for obligasjonar som er utferda i ulike valutaer og som inngår i Barclays Global Aggregate-indeksen. Målt i lokal valuta. Indeksret 31.12.2010 = 100



**Figur 2-8** Utferdingar av eurodenominerte obligasjonar med fortrinnsrett og usikra bankgjeld. Milliardar euro





mot europeisk statsgjeld minskar etterspørselen etter obligasjonar utferda av europeiske finansinstitusjonar. Fondets eurodenominerte selskapsobligasjonar fekk ei avkastning i kvartalet på -2,2 prosent, mens avkastninga på britiske og amerikanske selskapsobligasjonar var på høvesvis -1,5 prosent og 1,9 prosent, målt i lokale valutaer. Behaldninga av eurodenominerte selskapsobligasjonar utgjorde 8,1 milliardar euro, eller 4,7 prosent av renteinvesteringane, ved utgangen av kvartalet. Av dette var 3,9 milliardar euro obligasjonar som var utferda av bankar.

Globalt vart det utferda 1 139 milliardar dollar i ny selskapsgjeld i tredje kvartal, mot 1 571 milliardar dollar i andre kvartal, ifølgje Dealogic. Finanssektoren stod for 763 milliardar dollar, ned frå 996 milliardar dollar kvartalet før. Obligasjonar utferda av nasjonale statar utgjorde 107 milliardar dollar, mot 161 milliardar dollar tre månader tidlegare. I Europa fall

utferdinga av obligasjonar med fortrinnsrett, som tilhøyrer sektoren pantesikra obligasjonar, til 31 milliardar euro i tredje kvartal frå 42 milliardar euro i andre kvartal. Utferdingar av usikra bankgjeld fall i same periode 66 prosent til 15 milliardar euro.

Fondets tre største deltakingar i enkeltutferdingar av nye obligasjonar utanom statspapir var i Swedbank, Kreditanstalt für Wiederaufbau og EU. Fondet reduserte i kvartalet investeringane sine i obligasjonar utferda av den amerikanske bustadlåninstitusjonen Fannie Mae og av den italienske staten, og auka behaldninga av amerikanske og britiske statsobligasjonar.


Obligasjonsinvesteringane bestod av 7 438 verdipapir frå 1 455 utferdarar ved utgangen av tredje kvartal, mot 7 945 verdipapir frå 1 508 utferdarar tre månader tidlegare.

Tabell 2-4 Fondobligasjonane per 30. september 2011 fordelt etter kredittvurdering\*. Prosent av behaldninga

	Aaa	Aa	A	Baa	Høgare risiko	Totalt
Statsobligasjonar	36,54	8,90	0,10	0,46	0,16	46,16
Statsrelaterte obligasjonar	8,08	3,46	0,71	0,81	0,24	13,31
Realrenteobligasjonar	5,36	2,58	0,00	0,00	0,03	7,96
Selskapsobligasjonar	0,32	2,51	6,76	4,63	0,27	14,49
Pantesikra obligasjonar	14,22	2,55	0,28	0,48	0,55	18,08
<b>Sum obligasjonar</b>	<b>64,53</b>	<b>19,99</b>	<b>7,85</b>	<b>6,38</b>	<b>1,24</b>	<b>100,00</b>

\* Basert på kredittvurdering frå minst eitt av kredittvurderingsbyråa Moody's, Standard & Poor's og Fitch.

**Figur 2-9** Kursutvikling i ulike obligasjoner i Barclays Global Aggregate-indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksret 31.12.2010 = 100



**Tabell 2-5** Avkastninga på fondsobligasjonane i tredje kvartal 2011.  
Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Del av marknadsverdien av rentebehaldninga
Statsobligasjoner	7,00	46,16
Statsrelaterte obligasjoner	3,31	13,31
Realrenteobligasjoner	5,02	7,96
Selskapsobligasjoner	0,73	14,49
Pantesikra obligasjoner	0,29	18,08

## Aukande uro rundt statsgeld i Europa

Styresmaktene i verda nedkjempa i 2009 den internasjonale finanskrisa og nedgangen i verdsøkonomien med massive tiltakspakker, som bidrog til å auke offentlege underskot og gjeldsnivå i mange land. Uvisse rundt fleire europeiske lands evne til å betene gjelda si førte til høgare renter og lågare priser på landa si statsgeld. Renteoppgangen vart merkbar i Hellas hausten 2009 og spreidde seg til statsobligasjoner frå Irland, Portugal, Spania og Italia. Uroa ramma også europeiske bankar, som var blant dei største långivarane til desse landa. Uvisse rundt bankane si eksponering mot statsgelta og eventuelle tap ved misleghald reduserte bankane sin vilje til å gi kvarandre lån.

I 2010 sette europeiske styresmakter i gang fleire tiltak for å dempe uroa i marknaden. Blant anna kjøpte den europeiske sentralbanken statsobligasjoner frå enkelte euroland for å betre likviditeten i marknaden og få ned høge statsrenter. I tillegg tilbydde sentralbanken fleire typar lån til europeiske bankar for å betre finansieringsalternativa deira. EU og Det internasjonale valutafondet (IMF) etablerte i juni 2010 den europeiske fasiliteten for finansiell stabilitet (EFSF) for å hjelpe eurosone land med betalingsproblem og hindre ei spreiling av krisa. Hellas og

Irland vart i 2010 dei første landa som fekk finansiell støtte, og Portugal følgde etter i mai 2011.

Redningspakkene dempa noko av uroa i marknaden fram til tredje kvartal 2011, då teikn til svakare vekst i verdsøkonomien og frykt for ein resesjon på ny auka bekymringane rundt statsfinansane i fleire eurosone land. Rentene på greske, portugisiske, irske, spanske og italienske statsobligasjoner steig til dei høgaste nivåa sidan euroen vart innført i 1999. Den europeiske sentralbanken byrja i august å kjøpe statsgeld frå fleire av desse landa, og hadde ved utgangen av kvartalet kjøpt statsobligasjoner for rundt 161 milliardar euro sidan oppstarten av slike kjøp i mai 2010. Av dette vart om lag 87 milliardar euro kjøpt i tredje kvartal 2011.

Europeiske styresmakter vedtok i juli å utvide EFSFs fullmakter til å kjøpe statsgeld frå vanskelegstilte eurosone land og gi land lån for å refinansiere bankar. Frå før hadde EFSF fullmakt til å selje obligasjoner for å finansiere redningspakkene. Ved utgangen av tredje kvartal hadde 14 av 17 euroland godkjent utvidinga, som må ratifiserast av alle medlemsland i eurosona.

## **Investeringar i eigedom**

Fondet kjøpte i juli 50 prosent av sju eigedomar i og omkring Paris fra AXA Group til 702,5 millionar euro, tilsvarande om lag 5,5 milliardar kroner. Investeringa var den andre fondet gjorde i fast eigedom, og følgde kjøpet i april av 25 prosent av The Crown Estates Regent Street-portefølje i London. Regent Street-partnarskapet, som fordeler inntektene og kostnadene i porteføljen med 25 prosent til fondet og 75 prosent til The Crown Estate, kjøpte i tredje kvartal to bygningar ved Regent Street for 28 millionar pund, tilsvarande om lag 254 millionar kroner.

Fondets eigedomsinvesteringar fekk ei avkastning på -0,1 prosent i tredje kvartal, målt i internasjonal valuta. Det negative resultatet kom av kostnader på 23 millionar euro i samband med transaksjonen i Frankrike, som overgjekk leigeinntektene frå eigedomane i London og Paris. Målt i lokal valuta var avkastninga på London-investeringa 1,2 prosent i kvartalet, mens investeringa i Paris fekk ei avkastning på -2,6 prosent.

Eigedomsinvesteringane til fondet skal verdivurderast eksternt minst éin gong i året, i samsvar med forvaltingsmandatet frå Finansdepartementet. I tillegg vil NBIM kvart kvart vurdere behovet for å justere verdien av eigedomsinvesteringane. For nye investeringar vil normalt kjøpsprisen reknast som beste anslag på verkeleg verdi i ein periode etter gjennomføringa av kjøpet, med mindre utviklinga i marknaden eller andre forhold skulle tilseie ei vesentleg endring i verdien. I tredje kvartal vart kjøpsprisen opprett-halden som beste anslag på verdien av eigedomsinvesteringane i fondet.

## **Dotterselskap i Luxembourg**

Over tid skal inntil 5 prosent av fondet investerast i eigedom, gjennom ein tilsvarande reduksjon i renteinvesteringane. Nye investeringar skal ikkje utgjere meir enn 2 prosent av fondet årleg i innfasingsperioden, og vil hovudsakleg skje i velutvikla marknader og innanfor tradisjonelle eigedomstypar som kontorbygg og butikkar. I startfasen vil NBIM sjå etter investeringsopningar i dei største europeiske marknadene, og med partnarar som har god kjennskap til ein spesifikk marknad. Steget inn i denne aktivaklassen skal spreie investeringane i fondet og risiko og bidra til ei god avkastning over tid.

Dei fleste eigedomsinvesteringane er i private marknader, i motsetning til investeringar i børsnoterte aksjar og obligasjoner.

Risikoene knytt til børsnoterte aksjar og obligasjoner er normalt avgrensa til det investerte beløpet, mens investeringar i eigedom medfører risiko for tap utover beløpet. Ein eigar kan, for eksempel, bli saksøkt for eit større beløp enn det investerte som følge av ein tvist med ein leigetakar eller nabo, eller haldast til ansvar for uhell eller skadar på ein eigedom. Noregs Bank vil som regel utføre eigedomsinvesteringar gjennom datterselskap, slik at det økonomiske ansvaret avgrensar seg til kapitalen i eit datterselskap. Dette er i tråd med marknadspraksis, og står Noregs Banks mål om å oppnå høgst mogleg avkastning og sikre fondsverdiane gjennom ei trygg risikostyring.

Noregs Bank oppretta i tredje kvartal datterselskapet NBIM S.à r.l. i Luxembourg, som ein base for fondets eigedomsinvesteringar i fastlands-Europa. Dei fleste av investeringane i regionen vil skje gjennom datterselskapet, slik at NBIM S.à r.l får eigarinteresser i selskap som direkte eller indirekte er investert i eigedom. Oppgåvane for Luxembourg-selskapet vil også omfatte rekneskapsføring, bokføring og overføring av leigeinntekter til Noregs Bank.

Luxembourg blir ofte brukt som base av internasjonale eigedomsinvestorar. I tillegg til å vere sentralt plassert i Europa, har landet føreseielege og solide juridiske rammevilkår og skattereglar. Skattebelastninga i landet er moderat ved at det er ein låg del av bruttoinntektene som blir skattlagd. Luxembourg har i tillegg eit godt utbygd traktatnettverk som skal hindre at investorar får dobbelskattlegging ved investeringar i land Luxembourg har skatteavtalar med.

For meir informasjon om eigedomsinvesteringane i fondet, sjå note 5 i rekneskapen.

## Fondets relative avkastning

Avkastninga på fondets aksje- og renteinvesteringar blir samanlikna med avkastninga til globale referanseindeksar for aksjar og obligasjonar, som er utarbeidde av høvesvis FTSE Group og Barclays Capital. I tredje kvartal var avkastninga på aksje- og renteinvesteringane 0,3 prosentpoeng lågare enn avkastninga på referanseindeksane. Det var det sjette sva-kaste kvartalet nokosinne for fondets relative avkastning.

Avkastninga på aksjeinvesteringsane i fondet var 0,5 prosent-poeng under referanseindeksens avkastning i kvartalet. Om lag 85 prosent av mindreavkastninga kom frå internt forvalta investeringar, mens resten var frå eksternt forvalta investe-ringar. Innanfor dei ulike aksjesektorane var avkastninga på investeringar i materialsektoren, som blant anna består av metall-, gjødsel- og kjemikalieprodusentar, mest negativ i forhold til referanseindeksen. Til gjengjeld var avkastninga på investeringar i teknologiselskap høgare enn i referanseindek-sen. Blant dei ulike landa fondet blir investert i, var avkastninga på aksjar i USA og Storbritannia mest negativ i forhold til referanseindeksen, mens spanske og australske aksjar fekk ei betre avkastning enn referanseindeksen.

Avkastninga på renteinvesteringane i fondet var lik referanseindeksens avkastning i kvartalet. Eksternt forvalta investe-ringar, som utgjorde 0,6 prosent av renteinvesteringane i fondet, fekk ei lågare avkastning enn referanseindeksen. Dette vart vege opp av ei høgare avkastning enn referanseindeksen for internt forvalta investeringar.

Fondsinvesteringsane kan vere overvekta eller undervekta i forhold til referanseindeksane som Finansdepartementet har fastsett. Det vil seie at fondet kan ha meir eller mindre av visse typar aksjar eller obligasjonar enn referanseindeksane, som følgje av NBIMs aktive forvalting. I tredje kvartal var aksjeinvesteringsane i fondet mest overvekta i industrisektoren og mest undervekta i telekommunikasjonssektoren. Av renteinvesteringane i fondet var overvekta størst i obligasjonar med fortrinnsrett, mens undervekta var størst i statsobliga-sjonar.

Totalt 5,8 prosent av fondsmidlane var forvalta av eksterne institusjonar ved utgangen av kvartalet, mot 6,8 prosent ved inngangen til kvartalet. Av dette var 170 milliardar kroner aksjeinvesterings og 8 milliardar kroner renteinvesteringar.

**Tabell 2-6** Bidraget frå forvalningsområda til meiravkastninga i fondet i tredje kvartal 2011. Prosentpoeng

	Ekstern forvalting	Intern forvalting	Totalt
Aksjeforvaltinga	-0,05	-0,28	-0,33
Renteforvaltinga	-0,03	0,03	-0,00
Totalt	-0,08	-0,25	-0,33

## Måling av relativ avkastning

Avkastninga på aksje- og renteinvesteringane i fon-det blir samanlikna med avkastninga til globale refe-ranseindeksar for aksjar og obligasjonar. Forskjellen blir kalla fondets relative avkastning. Så lenge eige-domsinvesteringsane i fondet er i ein oppbyggings-fase, vil det gi lite mening å samanlikne dei med ein eigedomsindeks. NBIM oppgir derfor den rela-tive avkastninga berre på aksje- og renteinvesterin-gane i fondet.

## Store svingingar i marknadene

Svingingane i aksje- og rentemarknadene auka kraftig i tredje kvartal, drivne av teikn til svakare vekst i verdsøkonomien og frykt for ei forverring av den europeiske statsgjeldskrisa.

VIX-indeksen, som måler forventa svingingar i den amerikanske aksjemarknaden, steig til 43 prosent ved utgangen av kvartalet frå 16,5 prosent ved inngangen til kvartalet. Han nådde 8. august ein kvartalstopp på 48 prosent, som var det høgaste nivået sidan mars 2009, etter at kredittvurderingsbyrået Standard & Poor's nedgraderte USA:s gjeld til AA+ fra AAA. Indeksen fall noko tilbake etter at den europeiske sentralbanken i august tok til å kjøpe statsobligasjonar frå land som Spania og Italia for å stoppe ei stigning i statsrentene i landa. Indeksen iTraxx Europe, som måler risikonivået i den europeiske rentemarknaden, steig i løpet av kvartalet til 2 prosent frå 1,1 prosent.

Finansdepartementet har sett grenser for kor store avvik frå referanseindeksane NBIM kan ha i forvaltinga av fondet. Forventa relativ volatilitet legg ei avgrensing på kor mykje avkastninga på investeringane kan forventast å avvike frå avkastninga til referanseindeksane. Forvaltinga skal leggjast opp med sikte på at den forventa relative volatiliteten ikkje skal overstige 1 prosentpoeng. Ved utgangen av tredje kvartal utgjorde han 0,5 prosentpoeng, opp frå 0,4 prosentpoeng tre månader tidlegare.

Den forventa absolute volatiliteten i aksje- og renteinveseringane, berekna ved det statistiske målet standardavvik, bruker historisk prisutvikling for å anslå kor store svingingar

vi kan vente i den årlege avkastninga av investeringane. Ved utgangen av kvartalet var den forventa volatiliteten på 11,7 prosent, eller om lag 355 milliardar kroner, mot 12,5 prosent ved inngangen til kvartalet.

For meir informasjon om fondets investeringsrisiko, sjå note 7 i reknesaksrapporteringa.

### Indeksane VIX og iTraxx

VIX-indeksen oppgir forventa svingingar i aksjekursane i den amerikanske aksjemarknaden dei neste 30 dagane. Svingingane blir berekna av Chicago Board Options Exchange ut frå prisane på ei rekke kjøps- og salsopsjonar i aksjeindeksen S&P 500. VIX-indeksen stig når svingingane i aksjemarknaden er forventa å auke.

iTraxx-indeksen måler prisen på å forsikre posisjonar i den europeiske obligasjonsmarknaden. Indeksen stig typisk når tilliten hos investorane fell og behovet for sikring aukar. Det finst fleire iTraxx-indeksar. Ein av dei mest brukte er iTraxx Europe, som består av 125 europeiske selskap med ei kredittvurdering på minst Baa3 (høg kredittvurdering). Indeksen viser den gjennomsnittlege likevekta kreditforsikrings-premien for selskapa.

Tabell 2-7 Risiko og eksponering for fondet

Risiko	Grenser fastsette av Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank	Faktisk	
		30.09.2011	30.06.2011
Netto marknadsverdi*	Aksjar 50–70% av fondet	55,6	60,5
	Obligasjoner 30–50% av fondet	44,1	39,4
	Eigedom 0–5% av fondet	0,3	0,1
Eksponering	Aksjar 50–70% av fondet**	56,0	60,5
	Obligasjoner 30–50% av fondet	44,1	39,4
	Eigedom 0–7,5% av fondet***	0,3	0,1
Motpartsrisiko	Maksimalt 0,75% for ein enkelt motpart	0,2	0,1

\* Netto marknadsverdi er verdiane av alle verdipapir, finansielle instrument og kontantar innanfor dei respektive aktivklassane.

\*\* Ved utrekning av eksponering bruker ein den fulle underliggende verdien av derivat. Derfor kan talet for faktisk aksjedel somme gonger avvike frå forholdstalet i netto marknadsverdi.

\*\*\*For eigedom vil grensa for eksponering også inkludere eventuelt lån.


Tabell 2-8 Risiko og eksponering for fondets aksje- og renteinvesteringer

Risiko	Grenser	Faktisk	
		30.09.2011	30.06.2011
<b>Grenser fastsette av Finansdepartementet</b>			
Marknadsrisiko	1 prosentpoeng forventa relativ volatilitet	0,5	0,4
Kredittrisiko	Inntil 3 % av renteinvesteringane kan ha lågare kredittvurdering enn kategori Baa3/BBB-	1,2	1,2
Høgaste eigardel	Maksimalt 10 % av aksjar det er stemmerett for i eit børsnotert selskap	9,5	9,5
<b>Grenser fastsette av hovudstyret i Noregs Bank</b>			
Kredittrisiko	Ein enkelt utferdar av obligasjonar med lågare kredittvurdering enn kategori Baa3/BBB- kan maksimalt utgjere 1 % av renteinvesteringane	0,2	0,3
Samanfall mellom faktiske investeringar og referanseindeksen	Aksjar minimum 60 % Obligasjonsutferdarar minimum 60 %	84,5 76,9	83,0 79,3
Likviditetskrav	Minst 10 % i statsobligasjonar utferda av USA, Storbritannia, Tyskland, Frankrike, Italia, Nederland og Japan	16,5	13,9
Belåning	Maksimalt 5 % av aksje- og renteinvesteringane	0,0	0,0
Verdipapirutlån	Maksimalt 35 % av aksje- og renteinvesteringane	13,8	16,3
Utferding av opsjonar	Maksimalt 2,5 % av aksje- og renteinvesteringane	0,5	0,5
Innlån av verdipapir gjennom låneprogram	Maksimalt 5 % av aksje- og renteinvesteringane	0,0	0,0
Investering i eitt enkelt aksjeselskap	Maksimalt 1 % av aksje- og renteinvesteringane	0,8	0,7
Midlar forvalta av ein enkelt ekstern forvaltingsorganisasjon	Maksimalt 1 % av aksje- og renteinvesteringane	0,6	0,7


Tabell 2-9 Risiko og eksponering for fondets eigedomsinvesteringar

Risiko	Grenser	Faktisk	
		30.09.2011	30.06.2011
<b>Grenser fastsette av Finansdepartementet</b>			
Landfordeling	Frankrike, Storbritannia og Tyskland: Inga grense Andre land: Inntil 25 % av eigedomsinvesteringane	100,0 0,0	100,0 0,0
Sektorfordeling	Kontorbygg 0-100 % av eigedomsinvesteringane Detaljhandel 0-100 % av eigedomsinvesteringane Bustad 0-25 % av eigedomsinvesteringane Industri 0-25 % av eigedomsinvesteringane Annan eigedom 0-25 % av eigedomsinvesteringane	51,8 46,7 0,7 0,0 0,8	37,0 61,0 1,0 0,0 1,0
<b>Grenser fastsette av hovudstyret i Noregs Bank</b>			
Investeringar i eigedom under utvikling	Maksimalt 20 % av eigedomsinvesteringane	1,6	3,7
Investeringar i eigedom som ikkje er uteleigd	Maksimalt 25 % av eigedomsinvesteringane	4,2	4,0
Investeringar i renteberande instrument	Maksimalt 20 % av eigedomsinvesteringane, men ikkje over 5 milliardar kroner	0,0	0,0
Investeringar i noterte eigedomsaksjer	Maksimalt 20 % av eigedomsinvesteringane, men ikkje over 5 milliardar kroner	0,0	0,0
Gjeldsgrad	Maksimalt 50 % av eigedomsinvesteringane Maksimalt 70 % for kvar investering	0,0 0,0	0,0 0,0
Midlar forvalta av ein enkelt ekstern forvaltingsorganisasjon	Maksimalt 15 % av eigedomsinvesteringane, men ikkje over 5 milliardar kroner	0,0	0,0


**Figur 2-10** Forventa risiko i aksjemarknaden (VIX-indeksen) og i rentemarknaden (iTraxx-indeksen)




**Figur 2-12** Forventa relativ volatilitet for fondet eksklusive eigedom. Basispunkt



**Figur 2-11** Forventa absolutt volatilitet for fondet eksklusive eigedom. Prosent (venstre akse) og milliardar kroner (høyre akse)



**Figur 2-13** Forventa relativ volatilitet for fondets aksje- og renteinvesteringsar. Basispunkt



## Berekning av forventa volatilitet

Forventa svingningar i verdien av aksje- og renteinvesteringane i fondet blir målte ved hjelp av det statistiske måltalet forventa volatilitet. Frå 1. januar 2011 er beregningsmetoden for forventa volatilitet endra slik at han er betre tilpassa dei langsiktige investeringsperspektiva i fondet. Fram til utgangen av 2010 var forventa volatilitet berekna med utgangspunkt i daglege historiske prisobservasjonar i aksje- og rentemarknadene, der observasjonane dei seinaste dagane vart tillagde større vekt enn observasjonane lenger tilbake i tid. Det førte til at kortsiktige endringar i marknadsforholda raskt og sterkt slo ut på den for-

venta volatiliteten for aksje- og renteinvesteringane i fondet. Den nye metoden berekner volatiliteten basert på prisar kvar veke og med tre års prishistorikk, slik at følsamheita for kortvarig marknadsuro blir mindre. På denne måten vil endringar i forventa volatilitet i større grad vere eit resultat av endringar i fondsinvesteringane og i mindre grad vere eit resultat av om marknadene generelt er inne i ein periode med store eller små avkastningsvariasjonar. NBIM vil i ein periode rapportere om forventa relative volatilitet og forventa absolute volatilitet for fondet ved bruk av begge metodane.



## Ansvarlege investeringar og eigarskapsutøving

Som ein langsiktig investor i meir enn 8 000 selskap arbeider NBIM for å utvikle gode standardar for selskapsstyring. Vi prøver også å påverke selskap til å ta ansvar for å forbetre samfunnsmessige og miljømessige forhold som kan ha negativ verknad på verksemda deira, og følgjeleg for fondsinvesteringane.

Vi bruker ei rekke ulike verkemiddel og strategiar for å oppnå desse måla. Blant anna har vi dialog med selskap fondet blir investert i, tilsynsorgan og andre investorar. I tillegg stemmer vi på aksjonærmøte, legg fram aksjonærforslag og deltek i opne konsultasjonar om forhold kring miljø, det sosiale og selskapsstyring.

I tredje kvartal tok NBIM del i ei open høyring leidd av EU-kommisjonen om moglege endringar i rammeverket for selskapsstyring i EU. NBIM heldt fram at aksjonærar er ansvarlege for å føre tilsyn med styrets selskapsstyring. Vi peika på at eit slikt tilsyn bør støttast av meir transparent, standar-disert lovgiving som kan handhevast om selskapsstyring i Europa. Vi bad om opnare forhold rundt kvalifikasjonane til styremedlemene, og støtta utviklinga av eit system for betre overvaking av korleis selskap stiller seg til standardar for selskapsstyring.

Som del av World Water Week i Stockholm i august, leidde NBIM eit seminar om fordelane ved at selskap rapporterer om risikoane ved avgrensa og ureina vassressursar. Vi la fram ein analyse som viste i kva grad 432 selskap som fondet har investert i, innfridde ni kriterium for rapportering om

vassforvalting i 2010. Selskapa som vart vurderte, fekk i gjennomsnitt 2,7 av maksimalt 9 poeng. Totalt 131 selskap fekk 0 poeng, og berre 10 selskap fekk toppkarakter. Altfor få selskap gav nok informasjon om vatn som ein risikofaktor, særleg i leverandørkjedene sine. Rapportering om slik risiko vil bli stadig viktigare for investorar, ettersom manglande tilgang til rent vatn blir eit problem for eit aukande tal selskap.

NBIMs mål om å oppnå ei god langsiktig avkastning er avhengig av berekraftig utvikling i økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forstand i landa og selskapa fondet blir investert i. Ved å fremje ansvarleg investeringspraksis i fondsforvaltinga kan vi bidra til slik utvikling. Blant anna utfører vi analysar av dei miljømessige, samfunnsmessige og selskapsstyringsrisikoane som finst i selskapa og marknadene vi investerer i. Analysane kan avdekkje forhold som vi vil prøve å endre gjennom stemmegiving eller dialog med leiinga i eit selskap.

NBIM etablerte i kvartalet ein database med informasjon om slike forhold i om lag 4 000 av dei største selskapa fondet blir investert i. Databasen med informasjon frå interne og eksterne kjelder blir halden ved like av NBIMs avdeling for eigarskapsutøving. Han er til bruk for heile organisasjonen, særleg fondets porteføljeforvaltarar og investeringsanalytikarar. Formålet er å ha lett tilgjengeleg informasjon som kan brukast i investeringsavgjørder.

Noregs Bank og 14 andre institusjonelle investorar gjekk i



## Operasjonell risikostyring og internkontroll

kvartalet saman om å fremje eit krav i ein distriktsdomstol i USA mot Countrywide Financial Corporation, tre av selskapets tidlegare direktørar, og KPMG, som var Countrywides revisor. Countrywide var tidlegare USAs største utlånar til bustadsektoren. Saka byggjer på at selskapet offentleg framstilte seg som eit selskap som i hovudsak la til rette og garanterte for bustadlån av høg kvalitet og som følgde beste utlånspraksis, mens det i realiteten skjulte ein uansvarleg utlånspraksis utan forsvarlege standardar for å yte lån og garantiar. Selskapet skjulte i tillegg omfanget av den reelle kreditrisikoen som det tok. På bakgrunn av feilaktig informasjon til marknaden vart Countrywides aksjar omsette til kunstig høge prisar i perioden frå mars 2004 til mars 2008. I kravet som er sett fram, søker ein erstatning for dei tapa Noregs Bank og dei andre investorane som deltek i saka er påførte som kjøparar av Countrywide-aksjar i den aktuelle perioden. Noregs Bank har saman med dei andre investorane prøvd å få ei semje med Countrywide før saka vart fremja for domstolane, utan å lukkast.

NBIM arbeider kontinuerleg for å identifisere og redusere operasjonell risiko som kan føre til finansielle tap eller tap av omdømme. Organisasjonen set i verk tiltak for å redusere risikonivået når det er utanfor rammene som er fastsett av hovudstyret i Noregs Bank. Risikoreduserande tiltak og intern kontroll blir følgde opp for å sikre eit akseptabelt risikonivå.

NBIM anslår kvart kvartal kor store tap eller vinstar organisasjonen vil kunne få dei neste fire kvartala som følgje av uønskte hendingar. Anslaget baserer seg på hendingar som har skjedd, og moglege hendingar som kan skje, og representerer NBIMs berekna risikoeksponering.

Hovudstyret i Noregs Bank har fastsett at det i løpet av en tolvmañaders periode skal vere mindre enn 20 prosent sannsyn for at uønskte hendingar samla sett vil føre til 500 millionar kroner eller meir i tap eller vinstar. Denne grensa blir kalla styrets risikotoleranse. I tredje kvartal vart det registrert 31 uønskte hendingar i NBIM med eit anslått finansielt tap på totalt 0,4 millionar kroner. Ingen av hendingane medførte ein finansiell vinst. NBIMs risikoeksponering var godt innanfor hovudstyret sin risikotoleranse ved utgangen av kvartalet.

Finansdepartementet har sett omfattande reglar for fondsforvaltinga. Det vart ikkje avdekt nokon vesentlege brot på desse retningslinjene i tredje kvartal. NBIM mottok i same periode ingen varsel om vesentlege brot på marknadsreguleringer eller annan generell lovgiving frå eksterne tilsynsorgan.

# Regnskapsrapportering

Norges Banks kvartalsregnskap, som kun omfatter regnskapsrapporteringen av investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland, ble vedtatt av hovedstyret 19. oktober 2011. Denne, og utdrag av regnskapsprinsippene til Norges Bank, er gjengitt under.

## Resultatregnskap

Tall i millioner kroner	Note	3. kv. 2011	3. kv. 2010	Hittil i år 30.09.2011	Hittil i år 30.09.2010	2010
<b>Resultat fra porteføljen ekskl. gevinst/tap valuta</b>						
Renteinntekter innskudd i utenlandske banker		109	105	352	203	377
Renteinntekter utlån knyttet til gjensalgsvtaler		323	9	810	138	350
Netto inntekt/kostnad – gevinst/tap fra:						
- Aksjer og andeler		-332 374	165 512	-294 885	67 259	207 070
- Obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer		51 737	36 625	76 866	86 422	60 316
- Finansielle derivater		-3 696	-2 829	-3 593	-6 259	-3 552
- Finansielle eiendeler eiendom		50	-	-102	-	-
- Investeringseiendommer		-89	-	-89	-	-
Resultat fra felleskontrollerte virksomheter, eiendom		-56	-	-56	-	-
Rentekostnad innlån knyttet til gjenkjøpsavtaler		-336	-34	-910	-218	-574
Andre rentekostnader		-15	-12	-111	-74	-105
Andre kostnader		85	-116	74	-59	-9
<b>Porteføljeresultat før gevinst/tap valuta</b>		<b>-284 262</b>	<b>199 260</b>	<b>-221 644</b>	<b>147 412</b>	<b>263 873</b>
Gevinst/tap valuta		149 985	-132 154	29 812	16 949	-8 498
<b>Porteføljeresultat</b>		<b>-134 277</b>	<b>67 106</b>	<b>-191 832</b>	<b>164 361</b>	<b>255 375</b>
Forvaltningsgodtgjøring	3	-689	-713	-1 934	-2 117	-2 959
<b>Periodens resultat</b>		<b>-134 966</b>	<b>66 393</b>	<b>-193 766</b>	<b>162 244</b>	<b>252 416</b>

## Totalresultat

Tall i millioner kroner	Note	3. kv. 2011	3. kv. 2010	Hittil i år 30.09.2011	Hittil i år 30.09.2010	2010
Periodens resultat		-134 966	66 393	-193 766	162 244	252 416
Valutakurseffekt ved omregning av utenlandsk virksomhet		-8	-	-6	-	-
<b>Totalresultat</b>		<b>-134 974</b>	<b>66 393</b>	<b>-193 772</b>	<b>162 244</b>	<b>252 416</b>

## Balanse

Tall i millioner kroner	Note	30.09.2011	31.12.2010	30.09.2010
<b>EIENDELER</b>				
<b>Finansielle eiendeler</b>				
Innskudd i utenlandske banker		6 278	6 303	7 161
Utlån knyttet til gjensalgsvtaler		276 942	255 501	216 825
